



FARSUND & NAUSTHELLER AS

– ein del av Knapphus Energi



www.knapphus.no

Landsdekkande og lokalt

Sverre Farsund i Farsund og Naustheller og Jarle Sjurseike i Knapphus Energi er einige om at drifta i Førdeselskapet skal vidareførast – men kundane får stordriftsfordelane når selskapa fusjonerar.

Ny eigar – lik driftsform

Farsund & Naustheller blir ein del av Knapphus Energi frå nyttår. Eigarane blir nye, men selskapet vil drive på same måte som i dag – og kundane vil merke svært lite til dette. Jarle Sjurseike i Knapphus Energi og Sverre Farsund fortel at dei to selskapa har veldig lik historie – og har hatt ein felles visjon om å vere lokale og i distrikta.

Vi har handla med Knapphus i mange år, og kjenner kvarandre, fortel Sverre Farsund som har drive i bransjen i over 50 år. Han kjenner seg trygg på at livsverket til familien blir vidareført på ein god måte. Sverre skal vere med i ein overgangsfase – og er glad for at selskapet blir vidareført i Førde. Farsund & Naustheller har levert drivstoff og oljeprodukt til bønder, entreprenørar, små og store bedrifter og privatpersonar i gamle Sogn og Fjordane. Tankanlegga har vore å finne på stader der vanlege bensinstasjonar er ein saga blott.

Framleis styrast frå Førde

Jarle Sjurseike er dagleg leiar i Knapphus, som familie starta opp i Haugesundsdistriktet for to generasjonar sidan. Han kan forsikre kundane om at dei framleis vil vere i Førde og serve dei same kundane i regionen. Vi veit kor viktig det er å kjenne og å vere tilstades på heimplassen til kundane, så både kontoret, lageret og butikken vil bestå som i dag. Det skal framleis vere slik at vi kjenner kundane våre – og veit kva type olje dei treng til sine maskiner.

Ny eigar – nye moglegheiter

Knapphus vil – med stasjonane til F&N – tilby tank-anlegg frå Ørsta til Ålgård. Når kundane her i distriktet får det nye kortet til Knapphus kan dei tanke på rundt 50 anlegg langs heile kysten frå Møre og Romsdal til Rogaland. Dei største forskjellane kundane vil merke er namneskifte og stordriftfordelar når Farsund & Naustheller og Indrebø olje blir ein del av Knapphus Energi frå 1. januar 2021.

Landsdekkande og lokalt

Med oljeselskapet ST1 på eigarsida sikrar vi forsyningskjeda, og vi vil vere ein aktør med landsdekkande logistikk og lokal distribusjon, fortel Jarle Sjurseike. Kundane skal framleis bestille lokalt – men ha fordelene av å kunne hente ut drivstoffet der dei er. Stadig fleire av kundane våre jobbar ikkje lenger berre lokalt – og då kan det til dømes vere nyttig for ein entreprenør frå Førde å kunne hente ut drivstoff på andre stader på Vestlandet – med det same kundekortet.

Knapphus Energi



BENSIN · DIESEL · FARGET DIESEL · BIOFYRINGSOLJE · BIODRIVSTOFF · SMØROLJE · GASS · TANKAR · ADBLUE



DRIVSTOFF levert på tunet

Norvald Erdal er ein av bøndene i Førde som har vore kunde hos Farsund & Naustheller heilt sidan starten i 1966.

Det er sytalaust når tankbilen svingar inn på tunet og fyller opp dieseltanken som står vegg i vegg med fjøsen. No slepp eg å køyre traktoren inn til Førde for å fylle på tanken.

Erdal er glad for at Knapphus vil drive firmaet vidare etter same lesten som Farsund & Naustheller.

KNAPPHUS-kortet

Med det nye Knapphus-kortet kan kundane handle på rundt 50 stasjonar på Vestlandet, frå Ørsta i nord til Ålgård i sør.

Samanslåing av tankanlegga til Farsund & Naustheller og Knapphus, vi gi klare stordriftsfordelar for kundane.

Knapphus Energi tar jobben på alvor og ønskjer å vere god på service og levering!

BRUK VÅRT NYE KORT



F&N **FARSUND & NAUSTHELLER AS**

– ein del av Knapphus Energi

www.farsundnaustheller.no